

Jofrid Alden  
Geir Alden  
6986 Værlandet  
05.01.2016

Sogn og fjordane fylkeskommune  
Hovedutval for samferdsle  
Askedalen 2, 6863 Leikanger

Viser til punkt 5. i sak 38/15 som hovudutval for samferdsle vedtok den 28.10.2015 der det står fylgjande.

*5. Båtruta til Sandøy vert lagt ned. Båtruta til Alden vert redusert til ein tur/retur pr. veke.*

Dei fastbuande på Alden hadde ikkje hørt om denne reduksjonen i rutetilbodet før dei vart gjort oppmerksomme på vedtaket av ein kjenning for kort tid sidan. Dette finn dei sers beklageleg.

Dei vil med dette klage på vedtaket og ynskjer at utvalet tek saka opp til ny handsaming då dette er ein uhaldbar situasjon for dei to som bur i Alden.

Dette er to personar som har ulike behov for transport til fastlandet, då Jofrid er ei kvinne på 79 år og Geir er ein mann på 70 år som bur for seg sjølve i to husvære i Alden.

Jofrid har stor familie med barn og barnebarn som ho besøker ofte. Ho har også behov for å komme til Askvoll til frisør og hennar tannlege er i Førde og det er sjeldan at dette passar med Geir sine legebesøk og handlerutiner.

For å synleggjere problema med berre ei rute i veka kan vi ta fylgjande eksempel. Jofrid skal til frisør i Askvoll og Geir skal handle på Værlandet. Då må han gå i Værlandet til Jofrid kjem attende med ferja om kvelden, og dette gjer ho ein gang i mnd. Har dei to turar kan Geir handle ein anna dag og slepp å vente på Jofrid i fleire timer.

Så lenge dei har to turar i veka klarar dei å bu i Alden så lenge helsa er god, og dei ser fram til å bu der i mange år enda, men då må dei få behalde det rutetilbodet dei har i dag.

Vonar samferdsleutvalet tek klag til fylgje og opprettheld tilbodet med to turar i veka.

For Jofrid Alden og Geir Alden

Sonni Alden  
Åsahøgda 14

6823 Sandane.